

Opus Bergen As  
Nordre Nøstekaien 1  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: Elin Vetaas  
Vår: 23/701 - 23/11611

Saksbehandlar:  
Elin Houlison Molvik  
[eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no](mailto:eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
15.02.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 185/284 Isdal**

Tiltak: Rammeløyve for aktivitetsområder, tuftepark  
Byggjestad: Gbnr: 185/284  
Tiltakshavar: Bonava Norge As  
Ansvarleg søker: Opus Bergen As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.01.2023.

### **Planstatus**

Eigedomen er omfatta av områderegulering Lonena Gbnr 185/284 m.fl/planid.: 1263201610. Dei aktuelle areala ligg i felt o\_GF1 – felles grønt område. Føresegna opnar opp for at det innan området kan etablerast er omfatta av føremålet

### **(...)4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)**

4.3.1 Friområde(GF1-4) Friområda skal oppretthaldast som hovudsakleg urørt naturområde. Tiltak for å fremje friluftsliv kan gjevast løyve til. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for årmenta si bruk av området, sti og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Døme på enkle tilretteleggingstiltak kan vere enkel ballplass med grus, sand eller naturgras, universelt utforma badeplass, gapahuk, grillplass, leikeapparat, bord og benkar og enkle toalettbygg. Lista er ikkje uttømmande. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere oppleavingsverdiane eller hindre ferdsel for årmenta. Type tiltak og plassering må avklarast med kommunen.(...)

### **Gjennomgang av søknad**

Motteken dokumentasjon omfattar søknad om rammeløyve for etablering av 3 plassar for rekreasjon langs etablert turløype ved Lonena. Plassane omfattar Tuftepark med treningsapparat samt 2 plassar som er planlagt etablert med sitteplassar, grill og gapahuk til bruk for årmenta.

Det er ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentert omfang av tiltaka. Med det meiner vi at søknaden må supplerast med terrengsnitt som syner eksisterande terrenget samt framtidig

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

planlagt terreng for alle dei tre plassane. Det må leverast inn lengdesnitt, tverrsnitt og bredde på gangtilkomst frå «Brekkeløypa» og fram til dei tre plassane, samt skildring av dekke.

Det må gjerast greie for behov for terrenjusteringar/hevingar og eventuelle murar/fyllingar/skjeringar som er naudsynt for å oppnå planlagd prosjektert terrengnivå på ferdig tiltak. Det må og gjerast greie for behov for sikring av murar/skjeringar/fyllingar.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Lengdesnitt og tverrsnitt og breidde på tilkomst frå «Brekkeløypa» og fram til dei planlagde plassane og skildring av dekke på gangtilkomst.
2. Terrengsnitt for alle dei tre plassane som syner eksisterande terrenget samt framtidig planlagt terrenget.
3. Dersom det skal etablerast skjeringar/fylling/murar må det sendast inn snitt og fasadeteikningar av desse. Det må gjerast greie for plassering, høgde og lengde (omfang) på eventuelle skjeringar/fyllingar/murar. Det må gjerast greie for evt. behov for sikring av skjering/fylling/mur.
4. Vi kan ikkje sjå at heimelshavar av gbnr 185/284 er varsle om planlagde tiltak, vi kan heller ikkje sjå at det er lagt ved fullmakt frå heimelshavar til å forestå tiltak. Vi ber om at dette vert dokumentert enten ved ny nabovarsling eller evt. at det vert lagt fram fullmakt frå heimelshavar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

#### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Kopi til:**

Bonava Norge As

Fantoftvegen 2

5072

BERGEN

**Mottakarar:**

Opus Bergen As

Nordre Nøstekaien 1

5011

BERGEN